

Innkalling

for



Hognestad Idrettslag



Ekstraordinært årsmøte 2023

Hognestad Idrettslag held ekstraordinært årsmøte på
Klubbhuset fredag 17. november kl.19:00.

Sakliste:

1. Godkjenning av dei med stemmerett.
2. Godkjenning av innkalling, saksliste og møtereclar.
3. Val av:
 - a) møteleiar
 - b) referent
 - c) to representantar til å skriva under møteprotokollen.
4. Presentasjon av moglegheitsstudie, gi styret fullmakt til bygging av 9-er heilårs grasbane og omregulering av eigedom til bustadformål
5. Val

Vi vil ut over dette minna om NIF si lov ved val/oppnevning. Sjå www.idrettsforbundet.no/tema/juss/lovnormer/ §16

Med venleg helsing

Styret

Årsmelding

Rapport frå styret:

Styret har i haust jobba med 9-er bane med belysning, samt bustadutvikling på idrettslaget sin eigedom. Vi har sett i gang ein moglegheitsstudie med AROS arkitekter AS.

Innleiing

Hognestad IL ynskjer å byggja eit nærmiljøanlegg med ein opplyst 9-er heilårs grasbane på Hognestad stadion, like ved klubbhuset. Vi tenkjer at dette anlegget vil kunne bidra til at fotballgruppene våre med born vil kunne få større glede med å spela fotball på ein slik bane gjennom heile året, og ikkje avgrensa til under seks månadar i året.

Ein fordel med å plassera eit slikt nærmiljøanlegg her, er at det er like ved skulen. Elevane kan dermed bruka banen i friminutta. Femmer-bingen er fullbelasta og skulen har sett seg nøydde til å fordela speletid her på klassetrinn/dagar. 9-er-banen vil sjølvsagt vera kontinuerleg tilgjengeleg, uansett tid på året og kva nedbør/tørke som har vore.

Å vera i aktivitet er ei kjelde til oppleving, glede og mestring. Det er med og skapar eit godt fellesskap. Fysisk aktivitet gir auka livskvalitet for den enkelte. Dette er idrettens eigenverdi.

Ved å få flest mogleg med på gode og sunne idrettsaktiviteter ynskjer vi også å bidra til eit godt oppvekst- og fritidsmiljø for born og unge bygda, og gi dei ei god utdanning i livets skule. Eit høgt fysisk aktivitetsnivå er dessutan veldig viktig for å sikra ei fortsatt god folkehelse.

HIL ser i samanheng med dette ein større mogligheit for å utvikla idrettslaget, ved å utvikla den resterande delen av klubbens areal til bustadar. Dette vil generera inntekter til klubben, som kan brukast på klatrevegg i hallen, utvikling av idrettane boksing og turn, SFO et.c.

Som ein viktig samfunnsaktør, ser HIL óg at denne omdisponeringa vil sørgja for at Hognestad får tilførsel av bustadtomter, som er ein viktig føresetnad for elevtallet på Hognestad skule. Hognestad skule sin eksistens er veldig viktig for at idrettslaget skal overleva.

Eigarforhold

Eigedomen som vi ynskjer å setta opp heilårs 9-er grasbane på, blei overdregen til Hognestad idrettslag i 2016.



Figurane viser kvar 9er banen kan plasserast ift klubbhuset. Når det blir spela kampar her, tenkjer idrettslaget at det under kampene vil vera yngre born tilstades som kan bruka 3-er ballbingane medan foreldre kan sjå kampane frå klubbhuset sin terrasse.



Det er grundig dokumentert at også her i Noreg er vi råka av det moderne samfunnet sin helsesvekkande livsstil som bl.a. inkluderer nedgang i aktivitetsnivået. Auken i kroppsvekt på verdensbasis er så sterk at Verdens Helseorganisasjon (WHO) definerer den som ein global epidemi med store konsekvensar for folk si helse.

Med ein heilårs grasbane – altså betre speleforhold – aukar erfaringsmessig aktiviteten kraftig.



AROS	Mulighetsstudie Høgrøstad	9A5 og 9N7	3951	AES	25.10.23	Plan
	Høgrøstad Idrættspark	Mulighetsstudie		BAS	1:500 (A3)	A12

Grunnforhald

Eksisterande vegetasjon må takast av og fjernast. Det same gjeld eventuelt dårlege massar. Desse massane vil bli køyrde til depot ut av området. Grunnen under er anteken å bestå av leire samt eventuelle fyllmassar av ukjent kvalitet.

Traubotn

Etter fjerning og tilføring av masse må det planerast fall som ferdig bane.

Isolasjon-telesikring:

Vi kjem ikkje til å leggja inn ekstra isolasjon då banen ikkje skal brukast ved frost.

Bærelag

Det skal leggjast ut eit 15 cm tjukt bærelag av godt drenerande masse. Det blir stilt strenge krav til massane som skal benyttast til bærelag då ferdig avretta overflate både skal oppfylla krav til overflateavvik (+/- 8 mm på 4 m rettholt) og samstundes vera fast og ha god drenering.

Bærelaget kan leggjast ut i to sjikt med eit nedre sjikt av knuste massar, fraksjon 416 mm. Dette laget avstrøast med fraksjon 0-8 mm som avretting til slutt.

Heilårsgrasdekke

Idrettslaget ynskjer å bruka heilårsgras, og ynskjer gjerne å bidra i eventuelle forsøksprosjekt med alternative granulat.

Belysning

Idrettslaget ynskjer å setta opp lysmaster med tidsregulering.

Konklusjon

Born og unge i bygda har eit stort behov for meir fotballbanar over lengre periode av året (aktivitetsflate).

Skule og barnehage vil ha god nytte av ekstra heilårs grasbanar i skuletida.

Trygg og sikker veg til og frå aktivitetsområdet.

Betre for mindre grupper med born.